

Spørsmål til spørjetimen i Kommunestyre 21.09.2017.

Fartsdumpar.

Trenrarar og foreldre har kontakta meg om at det er ynskjeleg å få lagt fartsdumpar på vegen ned til Radøyhallen, Grønålen og Ungdomsskulen. Dette er eit område som vert aktivt nytta av svært mange born og unge både på dagtid, kveldstid og i helgene. Gangstien frå parkeringsplassen ved ungdomsskulen og ned til bana i grønålen kjem ut midt i ein sving, og det er svært uoversikteleg. Det står også til tider svært mange bilar parkert langs vegen som borna spring i mellom.

Ikkje alle er like lette på gasspedalen når dei kjører opp og ned denne vegen. Eg har ikkje opplysningar om at det har skjedd ulykker / nestenulykker her, men dei vaksne som oppheld seg her store delar av si fritid og har ansvaret for borna når dei oppheld seg på /ved bana om våren, sommaren og hausten opplever det som svært ubehageleg, og meiner at det berre er flaks at det så langt ikkje har skjedd alvorlege ulykker.

Eg kjenner ikkje til om dette er ei sak som har vore oppe tidligare, så spørsmålet er om administrasjonen har planar / tankar om å gjera noko førebyggjande tiltak her før noko evt. går forferdeleg galt?

Helsing
Torill Helland.

